



– Nå slapp med å grisekyra for å nå ferja. Marte Sæterén og Annelise Grindheim i samtale om den nye ferjefrie kvardagen.

Venterommet 2

Skodespelarar, musikarar, kunstnarar, regissør og støttespelarane rundt er i siste innspurt før dei skal ta imot publikum i venterommet på Ropeid.

Nora Jensen

Kostyme, rekvisittar, tekst, installasjonar, alt skal vera rett og sitja presist når dei opnar dørene til venterommet fredag. Og dei freistar publikum med eit spennande univers fylt med musikk, dans, teater og kunstinstallasjon.

– Inspirerande

Skodda heng tung over Ropeid, ferja legg trufast til kaien med jamne mellomrom, og ventande passasjerar kikk inn gjennom glasa. Nokre tør å ta steget heilt inn.

Dei spør og er interesserte i å vita kva me driv med. Det er kjekt å øva med folk til stades. Uforutseieleg og inspirerande, smiler Elin Gunnarsdotter Sandvik. Ho stig rundt i ein draum av eit kostyme som Mia Koch har designa og sydd. Ho, dei to andre skodespelarane og dansaren. Kvite toppar og kvite strutteskjort. Men regissør Raghild Thoring er streng. Kostyma er berre for den kommande fotograferinga. Så skal dei av. Dei skal vera like fine og kvite på premieren, og då må dei av før neste post på programmet som er matekt og velduftande fiskegryte frå ei snill mor i Erfjord.

Kokong

Mens skodespelarar og dansaren mekar seg med fiskegryta, står kunstnararen Inga Særeide og kikkar fornøgd på verket sitt. Ein gipsfigur heng ned frå taket framføre fjellveggen og snurrar rundt.


– Slik den heng nå, får ein den tredimensjonale effekten så flott fram. Den er kvit, har håpets farge, heng som ein kokong. Eg tenker overgang og det å tre inn i ein ny form når eg ser den, forklarar kunstnararen frå Stord. Ho er med på oppsetjinga for første gong og er spent.

Thoring, som står for regien, forklarar at denne gongen handlar det om avskjed med ferja og overgang til noko nytt. Aktørane er stort sett dei same som sist.

– Utfordringa vår har vore å utforska rommet og gi det ei ny mening, smiler ho og seier at publikum må også denne gongen rekna med å bevega litt på seg. Ein skal vandra litt rundt, og det som skal skje, foregår både ute og inne. Så mykje meir vil ho ikkje røpa. Publikum får bli overraska når dei kjem. Så kom ferja, ventetida var slutt, kunstnarane vinkar farvel og håper at suldølen har lyst å venta til helga.



Delar av fråmøyninga skjer utandørs.



Gerd Elin Aasø dansar avskjed med ferja.

eigedom

Omsetting av eigedomar i Suldal kommune

Gnr 4, bnr 64 er overdrege for kr 680.000 frå Sverre Herabakka til Aud Sissel Stangeland Steine og Geir Steine (01.07.2015)

Kvilldalsvegen 26 (Gnr 37, bnr 5) er overdrege frå Arvid Brustveit til Brit Brustveit og Tor Olav Brustveit (01.07.2015)

Gnr 25, bnr 11 er overdrege frå Nasjonalforeningen i Stvgr til Vito Eiendomsforvaltning as (02.07.2015)

Austmannsvegen 20 (Gnr 103, bnr 249, fnr 16) er overdrege for kr 1.300.000 frå Roger Sundseth til Edvin Bakka (03.07.2015)

Sandsbrauta 4 (Gnr 103, bnr 74) er overdrege for kr 1.000.000 frå Jennifer Daniela Rademacher og Markus Rademacher til Louise Joanne Soffe og Mark Wayne Soffe (07.07.2015)

Gnr 4, bnr 65 er overdrege for kr 680.000 frå Sverre Herabakka til Lise Jofrid Holmedal (07.07.2015)

Dalberget 37 (Gnr 145, bnr 50) er overdrege for kr 1.750.000 frå Harald Kjelsvik til Diana Heymering Frøyen, Jo Frøyen, Irene Heymering og Ronald Heymering (08.07.2015)

Helgelandsvegen 213 (Gnr 164, bnr 6) er overdrege frå Gustav Natland til Margit Johanna Natland (09.07.2015)

Helgelandsvegen 213 (Gnr 164, bnr 6) er overdrege frå Margit Johanna Natland til Kirsten Hebnes, Signe Karin Natland Larsen, Laila Oddny Maribu, Geir Helge Natland, Jan Gunvar Natland og Magne Gunvald Natland (09.07.2015)

Sandaneset 6 (Gnr 139, bnr 53) er overdrege frå Målfrid Kristensen til Kjell Oddvar Kristensen og Anne Torhild Møller (15.07.2015)

Sandaneset 6 (Gnr 139, bnr 53) er overdrege for kr 880.000 frå Kjell Oddvar Kristensen og Anne Torhild Møller til Henning Barka og Bodil Johnsen (15.07.2015)

Gnr 103, bnr 572 er overdrege for kr 560.000 frå Andreas Nielsen til Egil Arve Vela (15.07.2015)

Gnr 150, bnr 12 er overdrege frå Berit Erøy til Åslaug Erøy Jåsund (23.07.2015) Overdraginga omfattar også Hauganesvegen 6 (Gnr 150, bnr 78)

Hauganesvegen 13 (Gnr 150, bnr 21) er overdrege for kr 1.100.000 frå Øyvind Regenes til Brynjar Sandvik (27.07.2015)

Marvikvegen 225 (Gnr 126, bnr 66, seksjon 6) er overdrege for kr 1.900.000 frå Omega Hus as til Dan Andre Aarsvold og Siv Karin Aarsvold (29.07.2015)

Eidsbakkadn 2 (Gnr 93, bnr 113) er overdrege frå Bodhild Hustveit til Ann Gunn Brådlil, Berit Pettersen, Odd Bjørn Pettersen og Stein Pettersen (29.07.2015) Overdraginga omfattar også Gnr 93, bnr 134

Eidsbakkadn 2 (Gnr 93, bnr 113) er overdrege for kr 1.350.000 frå Ann Gunn Brådlil, Berit Pettersen, Odd Bjørn Pettersen og Stein Pettersen til Nils Bjørnar Ritland (29.07.2015) Salet omfattar også Gnr 93, bnr 134

Kjelde: Statens kartverk